



## Styre – val, evaluering og styresamansetjing

Eigarskapkontroll - Bø kommune

2017 :: 421 006

## Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Frå 2015 har vi eit fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS og Vestfold kommunerevisjon.

Telemark kommunerevisjon IKS har brei erfaring med selskapskontroll og gjer forvaltningsrevisjon av kommunal verksemd innanfor mange område, og med ulike innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har god kompetanse innan offentleg forvaltning. Denne kontrollen er gjennomført av Kirsti Torbjørnson, leiar for forvaltningsrevisjon.

Du kan lese meir på vår nettstad [www.tekomrev.no](http://www.tekomrev.no).

# Innhald

<b>Samandrag</b> .....	<b>ii</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 Bakgrunn, formål og problemstilling .....	1
1.2 Avgrensing .....	2
1.3 Metode .....	2
1.4 Kontrollkriterium - kjelder .....	3
1.5 Høyring .....	3
<b>2 Val av styremedlemmer</b> .....	<b>4</b>
2.1 Kontrollkriterium.....	4
2.2 Valkomit�.....	5
2.3 Valkomiteen si verksemd.....	5
2.4 Vurdering – valkomiteen si verksemd.....	8
2.5 Val av styremedlemmer – eigarorgan og politisk handsaming .....	9
2.6 Vurdering av eigarorgan og politisk handsaming av styreval .....	11
<b>3 Styreevaluering og styreinstruks</b> .....	<b>12</b>
3.1 Kontrollkriterium.....	12
3.2 Styreinstruks og styreevaluering i utvalde selskap .....	13
3.3 Selskapet si vurdering av styre og leiing i �rsmeldinga .....	13
3.4 Vurdering av styreevaluering m.m. ....	14
<b>4 Styresamansetjing og kompetanse</b> .....	<b>15</b>
4.1 Kontrollkriterium.....	15
4.2 Styresamansetjing og funksjonstid - fakta .....	16
4.3 Vurdering av styresamansetjing og funksjonstid .....	20
<b>5 IRMAT AS – etablering av mottaksstasjon for avfall</b> .....	<b>22</b>
<b>6 Konklusjon og tilr�dingar</b> .....	<b>24</b>
6.1 Konklusjon .....	24
6.2 Tilr�dingar.....	25
<b>Vedlegg</b> .....	<b>26</b>
<b>Vedlegg 1: H�yringsuttaler</b> .....	<b>1</b>
<b>Vedlegg 2: KS’ Tilr�dingar om eigarskap m.m.</b> .....	<b>2</b>

Foto framside: Svilen Milev, [www.effective.com](http://www.effective.com)

# Samandrag

## Bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Bø kommune i sak 18/16 og 24/16. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2016-2019, vedtatt av kommunestyret i sak 40/16.

## Problemstilling

Vi har undersøkt følgjande problemstilling:

*I kva grad er kommunen sine føringar formidla og gjennomført når det gjeld val av styremedlemmer, styresamansetjing, kompetanse og styreevaluering?*

---

Kontrollutvalet har også bedt om at vi undersøker kvifor føresetnadane til kommunestyret i sak 088/12 - IRMAT A/S - Søknad om å endre plassering av ein gjenvinningsstasjon for innbyggjarane i Bø ikkje er blitt følgd opp. Dette er omtala i kapittel 5.

Eigarskapskontrollen er utført i samsvar med reglane om selskapskontroll i kommunelova §§ 77 og 80, samt forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14.

## Konklusjon

Kommunen sine føringar for eigarskap er i stor grad i samsvar med tilrådingar frå KS, og vi har inntrykk av at selskapa er kjende med kommunen si eigarskapsmelding.

Det ser ut til at styra i stor grad har slik kompetanse som generelt er vurdert som sentral og relevant for styrearbeid. Men føringane i eigarskapsmeldinga om val av styremedlemmer m.m. er gjennomført berre til ei viss grad. Vi vil peike på nokre forbetningspunkt i eigarskapsutøvinga:

- Valkomiteane leverer ikkje innstillingar som er i samsvar med føresetnadene i eigarskapsmeldinga og det er stor grad av attval, utan dokumenterte vurderingar.
- Kommunen har ikkje gjort tiltak for å sikre at innkallingar til generalforsamling kjem med god nok frist til å sikre politisk handsaming.
- Kommunen har ikkje sikra reell politisk handsaming av saker om styreval.
- Eit fåtal av selskapa har gjennomført styreevaluering og utarbeidd styreinstruks.
- Kommunen har ikkje nådd målsetjinga om lik kjønnsrepresentasjon.
- Kommunen har ikkje gjort tiltak for å sikre numerisk vara i selskapa.

- I følgjande selskap er ikkje styret i samsvar med lov eller vedtekter:
  - Midt-Telemark Næringspark AS og Norsk Hardingfelesenter (feil tal på styremedlemmer iflg vedtekter),
  - IRMAT AS (kjønnsrepresentasjon),
  - Midt Telemark Næringsfond IKS (funksjonstid iflg selskapsavtale)
- Det er ikkje samsvar mellom dokumentert/faktisk valprosess og vedtekter/eigarskapsmelding når det gjeld styreval i Midt-Telemark Energi AS og Midt-telemark Kraft AS.
- Dei formelle rammene rundt representantskapet i Midt-Telemark Næringsfond AS er ikkje i samsvar med IKS-lova, ved at kommunestyret ikkje har valt representant og vararepresentant.
- Følgjande selskap har ikkje oppdatert informasjonen om styresamansetjinga i offentlege register: Midt-Telemark næringspark AS, Norsk Hardingfelesenter AS, Midt-Telemark Næringsfond IKS og IRMAT AS.

### Tilråding

Med utgangspunkt i det vi har sett i eigarskapskontrollen, tilrår vi følgjande:

Bø kommune bør

- sjå til at omtalen av valnemnd i kommunen si eigarskapsmelding blir i samsvar med ynskt praksis,
- sikre handsaming av sakene om eigarskap i politiske organ, og
- velje representant til representantskapet i *Midt-Telemark næringsfond IKS* i samsvar med IKS-lova.

Bø kommune bør ta initiativ til at

- det blir samsvar mellom vedtekter og praksis når det gjeld storleiken på styret i *Midt-Telemark Næringspark AS og Norsk Hardingfelesenter AS*,
- kjønnsrepresentasjonen blir lovleg i styret for IRMAT AS,
- det blir samsvar mellom vedtekter og ynskt praksis for valprosess i Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS, og
- det blir samsvar mellom selskapsavtalen og ynskt funksjonstid for styret i Midt-Telemark Næringsfond IKS

Bø kommune bør vurdere

- å ta initiativ til å vedtektsfeste numerisk vara og lengre frist for innkalling til generalforsamlingar,
- å treffe tiltak for å sikre at valkomiteane grunngir innstillingane sine i samsvar med eigarskapsmeldinga,
- å treffe tiltak for å nå målsetjinga i eigarmeldinga om kjønnsrepresentasjon i styra, og
- å treffe tiltak for å sikre at selskapa fastset styreinstruks og gjennomfører styreevaluering i samsvar med eigarskapsmeldinga.

Skien, 20. mars 2017

Telemark kommunerevisjon IKS

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn, formål og problemstilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Bø kommune i sak 18/16 og 24/16. Bakgrunn for bestillinga er plan for selskapskontroll 2012-2015, vedtatt av kommunestyret i KST-sak 40/16.

Det er eigar sitt ansvar å sjå til at den samla kompetansen i selskapet sitt styre er tilpassa selskapet si verksemd. Bø kommune har i eigarskapsmeldinga lagt føringar for val av styrerepresentantar, evaluering av styret si samansetjing og arbeid og for korleis styra skal vere samansette. Dette er i tråd med tilrådingane frå Kommunenes Sentralforbund (KS). I 2015 har kommunen utarbeidd ein rettleiar for valkomité i aksjeselskap. Denne rettleiaren er ein del av kommunen si eigarskapsmelding.

I denne eigarskapskontrollen har vi undersøkt korleis retningsliner og føringar i eigarskapsmeldinga er følgde opp. Vi har sett på styresamansetjing, styreinstruks, styreevaluering og valprosess i sentrale selskap for Bø kommune.

Vi har undersøkt følgjande problemstilling:

*I kva grad er kommunen sine føringar formidla og gjennomført når det gjeld val av styremedlemmer, styresamansetjing, kompetanse og styreevaluering?*

---

Denne problemstillinga dekker kapittel 2 til kapittel 4. Kontrollen gjeld hovudsakeleg åra 2015 og 2016. Vi har valt ut dei selskapa der kommunen har eigardel på 20 % og over, dvs. selskap der kommunen som eigar kan ha avgjerande påverknad på styrevalet. Både heileigde, deleigde og selskap med private medeigarar er med i utvalet. Dei selskapa vi har valt ut for kontrollen er følgjande:

- Bø Kommunale Eigedomsselskap AS	100 %
- Norsk Hardingfelesenter AS	100 %
- Gullbring kulturanlegg AS	77% (private medeigarar)
- Midt-Telemark Næringspark AS	50 %
- Midt-Telemark Energi AS	36,0 %
- Midt-Telemark Næringsfond IKS	32 %
- Midt-Telemark Kraft AS	28,8 %
- IRMAT AS	21,7%

Kontrollutvalet har bedt om at revisor også ser på kvifor føresetnadane til kommunestyret i sak 088/12 - IRMAT A/S - Søknad om å endre plassering av ein gjenvinningsstasjon for innbyggjarane i Bø ikkje er blitt følgd opp. Vi ser på dette i kapittel 5. Vi har formulert følgjande problemstillingar:

*Korleis vart føresetnadene i kommunestyret sitt vedtak gjort kjent for selskapet?*

*Har selskapet rapportert om saka til kommunen på administrativt eller politisk nivå i perioden?*

*Har spørsmålet om plassering av gjenvinningsstasjonen vore handsama i styret, og eventuelt korleis?*

*Kva er selskapet sitt syn på korleis selskapet har handtert kommunestyret sitt vedtak?*

---

## 1.2 Avgrensing

Tema for kontrollen er først og fremst om eigar følgjer dei retningslinene som er etablerte i eigarskapsmeldinga. Ut over undersøkinga av om og korleis styra evaluerer seg sjølv, har vi ikkje undersøkt korleis styreansvaret blir ivaretatt. Vi har heller ikkje undersøkt ordningane for godtgjersle til styremedlemmer.

## 1.3 Metode

Denne kontrollen er ein *eigarskapskontroll*. Kontrollen er gjennomført i samsvar med kommunelova §§ 77 og 80 og forskrift om kontrollutval §§ 13 og 14.

Kontrollutvalet har berre innsynsrett i selskap som er 100 % offentleg eigd. Gullbring AS er 27 % privat eigd. Det gjer at kontrollutvalet ikkje kan krevje innsyn i det selskapet. I rapporten bygger vi på opne kjelder og den informasjonen som selskapet har vore villig til å gi. Kontrollutvalet har rett til innsyn i de andre selskapa som er valde ut til kontrollen.

Fakta i rapporten bygger på informasjon som er innhenta gjennom

- spørsmål til styret i dei utvalde selskapa
- spørsmål til kommunen v/ ordførar



- dokumentgjennomgang: mellom anna saker i kommunestyre og formannskap, vedtekter, selskapsavtale, aksjonæravtalar, generalforsamlingsdokumentasjon, styreevalueringar m.m.

#### 1.4 Kontrollkriterium - kjelder

Kriteria for vurderingane i rapporten bygger i hovudsak på følgjande kjelder:

- lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (koml)
- lov 29. januar 1999 om interkommunale selskap (IKS-lova)
- lov 13. juni 1997 om aksjeselskap (asl)
- KS' anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll (2015)
- NUES: Norsk anbefaling om eierstyring og selskapsledelse (2014)
- Bø kommune si eigarskapsmelding 2014-2017
- Bø kommune si eigarskapsmelding 2016-2019 (KST 25/16)
- Felles eigarskapsmelding for interkommunale aksjeselskap i Midt-Telemark (2012)
- selskapa sine vedtekter/selskapsavtalar, aksjonæravtalar
- relevante kommunestyrevedtak

#### 1.5 Høyring

Utkast til rapport er sendt på høyring til selskapa sine styre og til ordførar i Bø kommune. Vi har fått høyringsuttale frå Bø kommune, IRMAT AS og Bø kommunale eigedomsselskap AS.

Bø kommunale eigedomsselskap AS informerer om at sitjande styre har gjennomført styreevaluering. Desse opplysningane er tatt inn i rapporten pkt. 3. IRMAT AS hadde ingen merknader til rapporten.

Bø kommune har ein merknad til pkt. 2 i tilrådinga. Høyringsuttalen frå Bø kommune ligg ved rapporten som vedlegg 1.

## 2 Val av styremedlemmer

### 2.1 Kontrollkriterium

Val av styre i selskap er eit av dei viktigaste oppgåvene til eigarorganet (generalforsamlinga eller representantskapet). I eigarmeldinga har Bø kommune gitt føringar for korleis ein vil at valprosessen skal vere i dei selskapa kommunen har eigarinteresser i (valkomité og avklaringar av eigarrepresentanten sitt mandat). Det er vidare gitt føringar for valkomiteane si sakshandsaming og kva omsyn valkomiteen skal legge vekt på i sitt arbeid.

Det går fram av eigarskapsmeldingane for 2014-2017 og for 2016-2019 at kommunen si valnemnd som hovudregel skal innstille på kommunen sine representantar i selskapsstyra, og at det for selskap med fleire eigarar bør opprettast ei eiga valnemnd som speglar eigardelen i selskapet, jf. s. 13 i eigarskapsmeldinga. Dette står i motstrid til føringane om valkomité i retningslinene for valkomité i aksjeselskap. Ordførar opplyser at denne formuleringa skulle vore fjerna frå eigarskapsmeldinga etter at kommunen vedtok retningslinene for valkomité i aksjeselskap, jf. eigarskapsmeldinga pkt. 2.5. Vi har såleis ikkje med kommunen sin valkomité som kriterium i denne kontrollen.

Frå kommunen si eigarskapsmelding har vi henta følgjande kriterium om val av styre:

- Aksjeselskapa skal ha valkomité. (Eigarskapsmeldinga og KS tilråding nr. 10)
- Selskap som er felles eigd av kommunane i Midt-Telemark skal ha valkomité i samsvar med den felles eigarskapsmeldinga for disse selskapa.
- Ordning med valkomité bør gå fram av selskapa sine vedtekter. (KS tilråding nr. 10)
  
- Innstillinga frå valkomiteen bør vere grunnleggjande og skal sendast ut saman med innkalling til generalforsamling. (Eigarskapsmeldinga og KS tilråding nr. 10))
- Valkomiteen skal foreslå styreleiar og styremedlemmer. (Eigarskapsmeldinga)
- Mogelege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar om habilitet skal vurderast i valkomiteen si innstilling. (Eigarskapsmeldinga)
  
- Politisk leiing skal som hovudregel møte i eigarorganet (Eigarskapsmeldinga)
- Ordførar skal legge til rette for politisk handsaming i samsvar med eigarskapsmeldinga. (Eigarskapsmeldinga og KS tilråding nr. 8)

## 2.2 Valkomit 

Retningslinene om valkomit  i aksjeselskap vart innf rt ved kommunestyret si handsaming av eigarskapsmeldinga i juni 2016. Status i dei selskapa kommunen eig er per i dag slik:

Selskap	Valkomit� ja/nei	Vedtektsfesta ja/nei
B� Kommunale Eignedomsselskap AS	Ja	Ja
Norsk Hardingfelesenter AS	Ja	Ja
Gullbring kulturanlegg AS	Ja	Ja
Midt-Telemark Næringspark AS	Nei	Ja
Midt-Telemark Energi AS	Ja, p� val av styreleiar	Ja
Midt-Telemark Næringsfond IKS	Nei	Nei
Midt-Telemark Kraft AS	Ja, p� val av styreleiar	Ja
IRMAT AS	Ja	Ja

## 2.3 Valkomiteen si verksemd

### B  kommunale eignedomsselskap AS

Valkomiteen i B  kommunale eignedomsselskap AS har gitt skriftleg innstilling til ordin r generalforsamling p  val av styreleiar og styremedlemmer i 2015 og 2016. Innhaldet i innstillingane g r fram av innkallingane til generalforsamling. Innstillingane fr  valkomiteen er ikkje grunngitt, s  det g r ikkje fram kva valkomiteen har vurdert.

### Norsk Hardingfelesenter AS

Valkomit  vart etter det vi kan sj  valt ved stiftinga i 2010, og neste gong for 2  r p  ekstraordin r generalforsamling i 2016.

Det l g ikkje f re innstillingar fr  valkomiteen ved val (interimstyre) p  generalforsamlingane i 2015 og 2016. P  ekstraordin r generalforsamling 12.10.2016 vart det valt nytt styre og styreleiar etter innstilling fr  valkomiteen. Innstillinga fr  valkomiteen l g f re 28.6.16. Innstillinga er ikkje grunngitt, men valkomiteen ber om at ein endrar vedtektene slik at det ogs  kan veljast vara.

### **Gullbring Kulturanlegg AS**

Selskapet har valkomité. Innstilling frå valkomiteen følgde ikkje innkallinga til generalforsamlingane i 2015 og 2016. Vi har ikkje motteke informasjon om at det vart lagt fram skriftleg innstilling frå valkomiteen på generalforsamlinga.

### **Midt-Telemark Næringspark AS**

Det går fram av § 9 i vedtektene til Midt-Telemark Næringspark AS at selskapet skal ha valkomité, valt av generalforsamlinga. I følgje vedtektene skal valkomiteen gi skriftleg innstilling på val av styre, og innstillinga skal styreleiar ha seinast tre veker før generalforsamlinga.

Det går ikkje fram av protokollane frå generalforsamlingane i 2015 og 2016 at det er valt valkomité. Vi får opplyst frå dagleg leiar at Midt-Telemark Næringspark AS ikkje har valkomité, og at dette blir tatt direkte med eigarane.

Generalforsamlinga har følgjande vedtak om val av styre i 2015 og 2016:

- ordinær generalforsamling i 2015 (attval),
- ekstraordinær generalforsamling i januar 2016,
- generalforsamling i juni 2016 og
- ekstraordinær generalforsamling i september 2016.

Protokollen frå ordinær generalforsamling i juni 2016 seier at valkomiteens innstilling til val av styre og valkomité vart godkjent. Det ligg ikkje føre skriftleg og grunnleggjande innstilling. Av protokollen for ekstraordinær generalforsamling i september 2016 går det fram at nytt styre er valt etter forslag frå eigarane. Forslaget er ikkje grunnleggjande.

Det går fram av vedtektene at generalforsamlinga skal velje eit styre med fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Ifølgje vedtektene skal to av styremedlemmene vere politikarar som blir valde som «folkevalgte styremedlemmer». Styret har hatt fem medlemmer fram til ekstraordinær generalforsamling i september 2016. På ekstraordinær generalforsamling i september 2016 vart det valt eit nytt styre med tre medlemmer. Det er ikkje valt varamedlemmer. Selskapet opplyser at ein vil ta initiativ til at det blir samsvar mellom vedtekter og storleik på styre på neste generalforsamling.

### **Midt-Telemark Næringsfond IKS**

I følgje selskapsavtalen skal det veljast eit styre på tre personar. Styret skal veljast for to år.

Dagleg leiar i selskapet opplyser at ved etableringa av selskapet vart ordførarane einige om at det var lurt å velje opposisjonspolitikarane med fast plass i Midt-Telemarkrådet som styre for selskapet. Dagleg leiar opplyser vidare at styremedlemmer såleis blir foreslått av kommunestyra når kommunestyra vel representantar til Midt-Telemarkrådet.

Representantskapet i Midt-Telemark Næringsfond IKS valde styre for fire år i november 2015. I følgje selskapsavtalen skal representantskapet velje leiar og nestleiar. Det er ikkje valt nestleiar.

### **Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS**

For Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS ligg det føre ein aksjonæravtale og vedtekter. Det er motstrid mellom aksjonæravtalane og vedtektene når det gjeld talet på styremedlemmer og valprosess for styremedlemmer. I aksjonæravtalen står det at eigarkommunane skal peike ut styremedlemmer, og at generalforsamlinga skal velje styreleiar og nestleiar. Dette er ikkje i samsvar med aksjelova § 6-3, som krev at generalforsamlinga skal velje minst halvparten av styret sine medlemmer. Det går fram av aksjonæravtalane § 3 at avtalane skal gå framfor vedtektene ved motstrid mellom avtale og vedtekter. I og med at vedtektene er av nyare dato enn aksjonæravtalen, og at aksjonæravtalen ikkje er i samsvar med aksjelova på dette punktet, legg vi til grunn at det er vedtektene som regulerer styresamansetjinga og valprosessen for selskapa, og ikkje aksjonæravtalen.

Felles eigarskapsmelding for Midt-Telemark seier at ordførarane i dei tre kommunane skal vere valkomité. Selskapa sine vedtekter seier at formannskapet i kvar kommune skal innstille på kandidat frå kvar kommune styra i selskapa, og at ordførarane er valkomité for val av styreleiar.

Generalforsamlinga har valt styre. Innstilling til generalforsamlinga frå formannskapet i Bø kommune ligg ikkje føre. Vi er ikke kjent med om formannskapet og valkomitéen til Midt Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS har fått kjennskap til resultatet av styreevalueringene. Sak om styreval i desse selskapa er handsama som orienteringssak/referatsak i formannskap/kommunestyret i Bø, dels i etterkant av generalforsamlinga, sjå pkt. 2.6. Vi har ikkje dokumentasjon av valkomiteen sitt arbeid når det gjeld val av styreleiar.

## **IRMAT AS**

Generalforsamlinga i IRMAT vedtok egne retningslinjer for valkomiteen sitt arbeid i 2009. I følgje retningslinjene for IRMAT skal leiar av valkomiteen innkalle til møte, og det skal førast protokoll frå valkomiteen sine møte. Det går vidare fram at valkomiteen skal evaluere styret si verksemd, kompetanse og samansetjing, eventuelt basert på styret sin evalueringsrapport. Vedtektene seier at styret bør settast saman etter ei samla vurdering av selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og balanserte avgjerder. Innstillinga skal vere grunngitt.

Valkomiteen for IRMAT AS har gitt innstilling til generalforsamlinga både i 2015 og 2016. Valkomiteen sin møteprotokoll for 2015 viser grunngiving og at valkomiteen har evaluert styret si verksemd. Dette går ikkje fram av valkomiteen si innstilling til generalforsamling i 2016.

### **2.4 Vurdering – valkomiteen si verksemd**

Vi ser at dei fleste aksjeselskapa har bestemt i vedtektene at dei skal ha valkomité, og at dei fleste også har valkomité.

Midt-Telemark Næringspark AS har ikkje valkomité, og har valt styre etter forslag frå eigarrepresentantane. Det er i strid med eigarskapsmeldinga og selskapet sine vedtekter.

Midt-Telemark Næringsfond IKS har ikkje valkomité. Dette er eit IKS, og kommunen sine retningslinjer gjeld berre for aksjeselskap. Kommunen har såleis ikkje kravd at selskapet skal ha valkomité. KS tilrår valkomité uavhengig av selskapsform. Etter det vi kan sjå har valkomiteen ein ekstra viktig funksjon når det er fleire eigarar. Kommunen bør difor vurdere om ein ikkje skal ha valkomité som hovudregel også for IKS, som alltid har meir enn ein eigar.

I Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS har ein valt ei anna arbeidsform for å førebu av val av styre, jf. felles eigarskapsmelding for Midt-Telemark. Her blir valkomité nytta berre i samband med val av styreleiar, og ikkje til å sikre at heile styret har komplementær og ynskt kompetanse. Det er ikkje samsvar mellom selskapa sine vedtekter og dei føringane som er gitt i den felles eigarskapsmeldinga for Midt-Telemark. Vi har ikkje sett dokumentasjon på at valprosessen i praksis er i samsvar med vedtektene eller eigarskapsmeldinga.

I dei andre selskapa som har valkomité, ser vi at valkomiteane har fremma forslag om styre og styreleiar til generalforsamlingane. Den dokumentasjonen som blir lagt fram frå valkomiteane gir lite informasjon til generalforsamlinga om den vurderinga og grunngivinga

som ligg bak valkomiteen sine forslag. Det gjeld både vurdering av selskapa sine behov for kompetanse og vurdering av moglege rollekonfliktar og inhabilitetsverknader. Dette gjeld ikkje for IRMAT, der innstillingane har noko informasjon om kva valkomiteen har vurdert.

## 2.5 Val av styremedlemmer – eigarorgan og politisk handsaming

Kontrollkriterium for denne overskriften er at politisk leiing som hovudregel skal møte i eigarorganet, og at ordførar skal legge til rette for politisk handsaming i tråd med eigarskapsmeldinga.

### 2.5.1 Eigarorgan - sakshandsaming

Frå Bø kommune har ordførar møtt som kommunens representant i alle eigarorgana, unntatt i IRMAT i 2015, der varaordførar møtte.

Vi har ikkje sett at kommunestyret i Bø har valt representant til representantskapet i Midt-Telemark Næringsfond IKS for inneverande valperiode, jf. IKS-lova § 6. Protokollen frå representantskapsmøtet er ikkje signert i samsvar med krav i IKS-lova § 9, og viser ikkje om styreleiar eller nestleiar har vore til stades i møtet, jf. IKS-lova § 9 sjette ledd.

Generalforsamlingane/representantskapet har handsama val av styre i alle selskapa vi har undersøkt i 2015 og 2016, unntatt i Midt-Telemark Næringsfond IKS som valde styre for fire år i 2015. I følgje selskapsavtalen § 6 skal representantskapet også velje leiar og nestleiar. Representantskapet har ikkje valt nestleiar i styret.

Kven som er valt som styremedlemmer går fram av protokollane i alle selskapa. I dei fleste selskapa går det fram kven som var på val og kva periode dei ulike styremedlemmene blir valde for. Dette går ikkje fram av protokollane frå generalforsamlingane i Midt-Telemark Næringspark AS.

### 2.5.2 Politisk handsaming

På s. 12 i eigarmeldinga til Bø kommune står det at kommunestyret eller formannskapet skal gi styringssignal til kommunen sin eigarrepresentant i selskap:

....

*Årsrekneskapar, årsrapportar, strategidokument og liknande vert lagt fram for politisk behandling i forkant av eigarmøte (i praksis har det ikkje vore så enkelt å få dette til).*

*Eigarmøte skal varslast tidleg på året, og dokumenta bør liggja føre min 30 dagar før møte i generalforsamling/representantskap (vedtektsfesting).*

*Det politiske organet som har desse sakene til behandling (kommunestyret, formannskapet), gir eventuelle "styringssignal" til kommunen sine representant i eigarmøte, og kan eventuelt instruera desse. Dei valde representantane skal generelt ivareta kommunen sine interesser gjennom ei aktiv deltaking i selskapet sitt eigarorgan.*

Generalforsamlingssakene og innkalling til representantskap blir sendt til ordførar. I 2015 og 2016 er dokument knytt til ordinære generalforsamlingar handsama som referatsaker i formannskap eller kommunestyre:

Selskap	Innkalling 2015	Protokoll 2015	Innkalling 2016	Protokoll 2016
<b>Bø Kommunale Eigedomsselskap AS</b>	Ikkje på sakliste	Referatsak i kommunestyret (KST 13/16)	Ikkje på sakliste	Ikkje på sakliste
<b>Norsk Hardingfelesenter AS</b>	Ikkje på sakliste	Ikkje på sakliste	Ikkje på sakliste	Ikkje på sakliste
<b>Gullbring kulturanlegg AS</b>	Referatsak i formannskapet (46/15).	Referatsak i kommunestyret (KST 65/15)	Referatsak i formannskapet (37/16)	Ikkje på sakliste
<b>Midt-Telemark Næringspark AS</b>	-	-	-	-
<b>Midt-Telemark Energi AS</b>	Referatsak i formannskapet i ettertid (55/15)	Referatsak i formannskapet (55/15)	Referatsak i kommunestyret (KST 57/16)	Referatsak i kommunestyret (KST 81/16)
<b>Midt-Telemark Næringsfond IKS</b>	-	-	-	-
<b>Midt-Telemark Kraft AS</b>	Orienteringssak i formannskapet (28/15)	Referatsak i formannskapet (55/15)	-	Referatsak i kommunestyret (KST 81/16)
<b>IRMAT AS</b>	-	-	-	-

Tidsspennet frå innkalling til møte er ofte avgjerande for om ein rekk å handsame innkallingane til eigarmøta i kommunen sine politiske organ. I følge eigarskapsmeldinga bør dokumenta ligge føre minimum 30 dagar før generalforsamling eller representantskapsmøte. Kravet i aksjelova er ei veke, og i IKS-lova er kravet fire veker. Fristen kan regulerast i vedtektene, noko KS tilrår. Tabellen under viser oversikt over om



fristen er regulert i vedtekter/selskapsavtale og kor lenge før generalforsamling/representantskap innkallinga er sendt for ordinære generalforsamlingar og representantskapsmøte i 2015 og 2016.

Selskap	Frist i vedtekter/ selskapsavtale	Innkalling 2015	Innkalling 2016
Bø Kommunale Eigedomsselskap AS	14 dagar	1 veke	1 veke
Norsk Hardingfelesenter AS	1 veke	Same dag som generalforsamling	Same dag som generalforsamling
Gullbring kulturanlegg AS	14 dagar	1 månad	1 månad
Midt-Telemark Næringspark AS	Ikkje regulert (1 veke)	1 veke	Ingen dato på innkallinga
Midt-Telemark Energi AS	Ikkje regulert (1 veke)	10 dagar	10 dagar
Midt-Telemark Næringsfond IKS	4 veker	11 dagar	2 veker
Midt-Telemark Kraft AS	Ikkje regulert (1 veke)	10 dagar	10 dagar
IRMAT AS	4 veker	ca. 6 veker	ca. 6 veker

## 2.6 Vurdering av eigarorgan og politisk handsaming av styreval

Kommunen har vore representert i eigarorgana i alle selskapa i samsvar med føringane i eigarskapsmeldinga.

I Midt-Telemark Næringsfond IKS har ikkje dei formelle rammene rundt representantskapsmøtet (eigarorganet) vore heilt i samsvar med IKS-lova ved at kommunestyret sjølv ikkje har valt representant og vararepresentant, jf. IKS-lova § 6.

Kven generalforsamlinga/representantskapet har valt som styremedlemmer går fram av protokollane i alle selskapa. I dei fleste selskapa går det fram kven som var på val og kva periode dei ulike styremedlemmene blir valde for. Dette går ikkje fram av protokollane frå generalforsamlingane i Midt-Telemark Næringspark AS, der det berre står namn på styremedlemmane og styreleiar.

Fristen for innkalling som går fram av eigarskapsmeldinga er i liten grad gjennomført i selskapa sine vedtekter. Den politiske involveringa skjer hovudsakleg gjennom referatsaker i formannskap eller kommunestyre. Det er dermed lite høve for dei politiske organa til å påverke desse sakene. Gjeldande praksis er ikkje i samsvar med føringane i

eigarskapsmeldinga, og er heller ikkje eigna til å sikre politisk handsaming av eigarrepresentanten sitt mandat i eigarorganet.

## 3 Styreevaluering og styreinstruks

### 3.1 Kontrollkriterium

Eigar har ansvar for å sikre at styret har den kompetansen som trengs for å nå selskapet sine mål. Eigenevaluering av kompetansebehov, kompetanse og arbeid er generelt sett på som eit viktig tiltak for å sikre kompetente og godt fungerande styre. Både KS og NUES tilrår at styra evaluerer eige arbeid og kompetansebehov kvart år. I eigarmeldinga går det fram at Bø kommune ynskjer at styra skal gjere ei eigenevaluering kvart år både når det gjeld kompetanse og arbeid. KS har utarbeidd ein mal for slik evaluering. Det finns fleire måtar/malar for slike evalueringar.

Det er også tilrådd at styret fastset styreinstruks. Etter aksjelova § 6-23 skal styret fastsette styreinstruks dersom tilsette har representasjon i styret. I juridisk teori er det lagt til grunn at dette kravet gjeld anten representasjonen for tilsette følgjer av lov eller av vedtekter. I eigarskapsmeldinga har Bø kommune fastsett at ein vil at selskapa skal fastsette styreinstruks.

Både KS og NUES tilrår at selskapa omtalar styring og leiing av selskapet i årsrapporten. Bø kommune har tilsvarande krav i eigarskapsmeldinga. Rekneskapslova § 3-3 og § 3-4 inneheld krav til kva årsmeldingane skal innehalde for små og store selskap. Tilrådinga frå NUES gjeld i utgangspunktet for børsnoterte selskap, og er då eit omfattande krav. Det er ikkje nærare spesifisert kva som ligg i tilrådinga frå KS, og det er heller ikkje spesifisert kva Bø kommune forventar av informasjon i dette punktet i årsmeldingane. Vi legg til grunn at KS og kommunen har tenkt at utgreiinga om selskapet si styring og leiing må gjelde dei særskilte forventningane kommunen stiller til leiing og styring av sine selskap og at omfanget må stå i forhold til verksemda i det aktuelle selskapet.

- Styret bør fastsette styreinstruks, og selskap der tilsette er representert i styret skal ha styreinstruks.
- Styret bør årleg evaluere kompetansebehov og styret sitt arbeid.
- Valkomiteen bør ha kunnskap om resultatane av evalueringa.
- Styret skal gje ei samla vurdering av selskapet si styring og leiing i årsmeldinga.

### 3.2 Styreinstruks og styreevaluering i utvalde selskap

Tabellen gir ei oversikt over om selskapa har styreinstruks, og om dei har rutine for og gjennomfører eigenevaluering.

Selskap	Styreinstruks	Skriftleg krav om /rutine for eigenevaluering	Sitjande styre har gjennomført eigenevaluering – tid for siste evaluering	Skriftleg eller munnleg evaluering
Bø Kommunale Eigedomsselskap AS	Ja	Nei	Ja	Skriftleg i styresak 14/16.
Norsk Hardingfelesenter AS	Nei	Nei	Nei	-
Gullbring kulturanlegg AS	Nei	Nei	Nei	-
Midt-Telemark Næringspark AS	Nei	Nei	Nei	-
Midt-Telemark Energi AS	Ja	Ja	Ja, januar-mars 2016	Skriftleg eigenevaluering og munnleg samla evaluering.
Midt-Telemark Næringsfond IKS	Nei	Nei	Nei	-
Midt-Telemark Kraft AS	Ja	ja	Ja, januar-mars 2016	Skriftleg eigenevaluering og munnleg samla evaluering.
IRMAT AS	Ja	Nei	Nei	-

### 3.3 Selskapet si vurdering av styre og leiing i årsmeldinga

Vi har undersøkt om selskapa har eit særskilt punkt i årsmeldinga om styring og leiing, og om dei seier noko om dei elementa som kommunen har framheva i styringa av selskapa (styresamansetjing, styreinstruks og styreevaluering). Vi ser at alle selskapa indirekte seier litt om styring og leiing gjennom dei obligatoriske punkta i årsmeldinga. Nokre av selskapa seier litt meir om aktiviteten i styret, til dømes kor mange styremøter dei har hatt. Ingen av

selskapa nemner særskilt om dei har styreinstruks eller om dei har evaluert kompetansen og verksemda i styret.

### 3.4 Vurdering av styreevaluering m.m.

Berre halvparten av selskapa har fastsett styreinstruks. Gullbring AS har tilsette i styret, men har ikkje fastsett styreinstruks. Det er i strid med aksjelova § 6-23.

Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS har rutinar for og har gjort eigenevaluering. Dei har nytta ein mal for arbeidet. Vi har ikkje sett at evalueringa er nytta i samband med val av styre i selskapa, men rutinen for Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS legg opp til styreevaluering i januar, noko som er i god tid for valprosess og generalforsamling. Bø kommunale eigedomsselskap AS har også gjennomført styreevaluering hausten 2016.

Det er forståeleg at styreevaluering ikkje blir opplevd som viktig i små selskap med liten aktivitet. Vi meiner likevel at også i slike selskap vil det vere nyttig å gjere ei vurdering av korleis styret fungerer og om styret har den kompetanse som selskapet treng. Slike vurderingar bør ligge til grunn når det skal veljast nye medlemmer til styret, jf. kommunen sine retningsliner for valkomité i aksjeselskap.

Ingen av selskapa følgjer tilrådinga frå kommunen om å omtale styre og leiing særskilt i årsmeldinga. Etter vår vurdering er slik omtale som det er lagt opp til i tilrådinga frå NUES svært omfattande. Dei selskapa som kommunen eig, er forskjellige både i størrelse og verksemd. Det vil truleg vere ein fordel om kommunen vurderer nærare kva ein ynskjer av slik omtale i årsmeldingane, og at ein eventuelt formulerer dette meir spesifikt i eigarskapsmeldinga.

## 4 Styresamansetjing og kompetanse

### 4.1 Kontrollkriterium

Det er generalforsamlinga/representantskapet som avgjer korleis styret skal vere samansett innanfor dei rammene som følgjer av lovreglar og vedtekter. Kommunelova, aksjelova og IKS-lova har reglar om kjønnsrepresentasjon og funksjonstid. Krava om kjønnsrepresentasjon er bindande for eigarane, mens ein kan velje å ha kortare funksjonstid enn det som følgjer av selskapslovene. Når det gjeld kjønnsrepresentasjon, har kommunen i eigarmeldinga eit mål om 50% representasjon frå kvart kjønn.

KS og NUES har gitt tilrådingar om korleis eit styre bør og ikkje bør vere sett saman for å sikre ei god styring av selskapa. Mellom anna er det eit råd at ein bør bruke numerisk vara for å sikre kontinuiteten i styret. Vidare er det eit råd frå KS at leiande politikarar ikkje bør sitje i styra grunna habilitetsproblematikk. I eigarmeldinga har Bø kommune bestemt at leiande politikarar (formannskapsmedlemmer) som hovudregel ikkje skal veljast inn i styra. Det er også gitt tilrådingar om kompetanse i styra.

KS legg vekt på at samansetjinga må vere tilpassa kvart selskap, og legg generelt vekt på kompetanse knytt til økonomi, organisasjon og den marknaden selskapet opererer i. Ein fokuserer på at eigar må ha rutinar for å sjå til at kvart selskapsstyre har den kompetansen som trengs. I kommunen si eigarmelding går det fram at den samla kompetansen skal vurderast i høve til selskapet sitt formål, og at ein ynskjer både generalist- og spesialistkompetanse i styra.

Ut frå dette har vi utleidd følgjande kriterium:

- I interkommunale selskap og i aksjeselskap der kommunen eig minst 2/3 av aksjane, skal begge kjønn minimum vere representert i samsvar med aksjelova § 20-6. Lik kjønnsrepresentasjon er eit vedtatt mål for kommunen.
- Der det er varamedlemmer til styret bør ein nytte numerisk vara for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.
- Talet på styremedlemmer og funksjonstida skal vere i samsvar med lov og vedtekter/selskapsavtale.
- Leiande politikarar (medlemmer av formannskapet) skal som hovudregel ikkje sitte i selskapsstyra.
- Eigar bør forsikre seg om at styret har den samla kompetansen som er nødvendig for å ivareta styreansvaret og følgje opp eigar sine forventningar.

## 4.2 Styresamansetjing og funksjonstid - fakta

Vi har undersøkt styresamansetjinga slik den er etter ordinære og ekstraordinære generalforsamlingar i 2016.

### 4.2.1 Kjønnsrepresentasjon og numerisk vara

Selskap	Storleik på styret iflg. vedtekt (utan tilsette)	Kjønnsrepresentasjon i styret (utan tilsette)	Kjønnsrepresentasjon vara (utan tilsette)	Numerisk vara i vedtektene?
Bø Kommunale Eigedomsselskap AS	5	Menn (3) Kvinner (2)	Menn (2) Kvinner (1)	Numerisk vara
Norsk Hardingfelesenter AS	5	Menn (2) Kvinner (1)	Kvinner (1)	Numerisk vara frå 2016
Gullbring kulturanlegg AS	4	Menn (2) Kvinner (2)	Menn (1) Kvinner (1)	Numerisk vara
Midt-Telemark Næringspark AS	5	Menn (2) Kvinner (1)	-	Personlig vara
Midt-Telemark Energi AS	4	Menn (2) Kvinner (2)	Menn (2) Kvinner (1)	Personleg vara
Midt-Telemark Næringsfond IKS	3	Menn (2) Kvinner (1)	-	Ikkje vara
Midt-Telemark Kraft AS	4	Menn (2) Kvinner (2)	Menn (2) Kvinner (1)	Personleg vara
IRMAT AS	4-7	Menn (3) Kvinner (1)	Menn (1) Kvinner (3)	Personleg vara

### Kjønnsrepresentasjon

For interkommunale selskap og aksjeselskap der kommuner eig minst 2/3 av aksjane, gjeld reglane i aksjelova § 20-6, jf. kommunelova § 80 a. Reglane gjeld dermed for alle selskapa i kontrollen.

Det betyr at i selskap med to eller tre medlemmer i styret skal begge kjønn vere representert. I selskap med fire eller fem medlemmer i styret skal kvart kjønn vere representert med minst to. Har styret seks til åtte medlemmer skal kvart kjønn vere representert med minst tre. Gruppene av medlemmer og varamedlemmer skal oppfylle

krava kvar for seg, og tilsette sine representantar skal ikkje telje med i berekninga.<sup>1</sup> Tilsette sine representantar er difor ikkje med i oversikten her.

Kjønnsrepresentasjonen i styra er i samsvar med lovkrava i alle selskapa, unntatt i IRMAT AS. Der er det for mange menn blant dei faste medlemmene, og for mange kvinner blant vararepresentantane.

Det er eit uttrykt mål i eigarmeldinga for Bø kommune at det skal vere lik kjønnsrepresentasjon i styra. Alle dei åtte styreleiarane er menn. Av 31 styremedlemmer er det 12 kvinner og 19 menn. Blant vararepresentantane er det 8 kvinner og 8 menn.

### **Numerisk vara**

I tre av selskapa regulerer vedtektene at det skal vere numerisk vara. I Midt-Telemark Næringspark AS skal det i følgje vedtektene vere personleg vara. Her er det ikkje valt varamedlem.

Det er generalforsamlinga som avgjer om det skal vere personleg eller numerisk vara, eventuelt kan ein regulere dette i vedtektene. Spørsmålet er ikkje omtalt i dokumenta frå generalforsamlingane i 2015 og 2016, verken frå valkomiteane eller i samband med styreval.

### **Oppdatert informasjon i offentlege register**

Vi gjer elles merksam på at følgjande selskap ikkje har oppdatert informasjon om styret i føretaksregisteret per februar 2017:

- Midt-Telemark næringspark AS
- Norsk Hardingfelesenter AS
- Midt-Telemark Næringsfond IKS
- IRMAT AS

#### **4.2.2 Funksjonstid og attval**

Vi har kartlagt kva funksjonstid som er regulert i selskapsavtale/vedtekter og kva funksjonstid som blir praktisert ved val. Vi har også sett på i kva grad det er attval i styra. Vi

---

<sup>1</sup> Ot.prp. nr. 97 (2002-2003) kap. 10 pkt. 10.1, s. 57.

har ikkje kartlagt attval av varamedlemmer og tilsette sine representantar. Val og attval av styreleiar blant styrets valte medlemmer er ikkje telt med i berekninga av attval.

Selskap	Funksjonstid i vedtekter/praksis	2015	2016
Bø Kommunale Eigedomsselskap AS	2 år/2 år	Ein attvald og ein ny	Tre av tre attvalde
Norsk Hardingfelesenter AS	2 år/2 år	Tre av tre attvalde (interimsstyre)	Tre av tre nye
Gullbring kulturanlegg AS	2 år/2 år	Tre attvalde og ein ny	To av to attvalde
Midt-Telemark Næringspark AS	2 år/ikkje oppgitt i protokollen	Fem av fem attvalde.	Reduksjon frå fem til tre styre-medlemmer. To attvalde og ein ny
Midt-Telemark Energi AS	2 år/2 år	Tre av tre attvalde	To av to attvalde
Midt-Telemark Næringsfond IKS	2år/4 år	Ikkje val	Tre av tre nye
Midt-Telemark Kraft AS	2 år/ 2år	To av to attvalde	To av to attvalde
IRMAT AS	2 år/2 år	Ein attvald	To attvalde og ein ny

Oppteljinga viser at av 43 styremedlemmer som vart valde i 2015 og 2016, vart 34 attvalde. Det gir 79% attval.

#### 4.2.3 Leiande politikarar og tilsette i leiande stilling i styra

Bø kommune seier i eigarmeldinga at leiande politikarar som hovudregel ikkje skal sitje i selskapsstyra. I eigarskapsmeldinga er leiande politikarar definert som medlemmer av formannskapet. Her går kommunen lengre enn tilrådingane frå KS, som tilrår at ordførar og rådmann som hovudregel ikkje bør sitje i selskapsstyra, men at ein elles må vurdere dette ut frå habilitetsproblematikk.



Vi har undersøkt styreverta til formannskapsmedlemmane i Bø per desember 2016.

Medlem	Styrevert
<b>Olav Kasland Venstre</b>	Styremedlem E134 Haukelivegen AS (iflg. Brønnøysundregisteret)
<b>Borgar T. Kaasa</b>	-
<b>Glenn Thore Isaksen</b>	-
<b>Hagen, Karin</b>	-
<b>Asbjørn Botnen</b>	Styrelidar i Telemarkshallen AS (dotterselskap til Bø kommunale eiedomsselskap AS) og styremedlem i Norsk Hardingfelesenter AS
<b>Kristin Digranes Bøen</b>	-
<b>Bergit Askildt Myrjord</b>	-

Vi har fått opplyst frå kommunen at ingen i leiande stilling i Bø kommune sin administrasjon har styrevert i selskap der kommunen er eigar.

#### 4.2.4 Kompetanse

I nokre selskap regulerer vedtektene kva kvalifikasjonskrav ein stiller til potensielle styremedlemmer. Vedtektene til Midt-Telemark Kraft AS og Midt-Telemark Energi AS krev at tre av styremedlemmene må kome frå eigarkommunane. Vedtektene til Midt-Telemark Næringspark AS krev at to av styremedlemmene skal vere politikarar. Ingen av selskapa har vedtektsfesta kva slags fagleg kompetanse ein vil ha i selskapet sitt styre. Midt-Telemark Næringsfond IKS har ikkje kompetansekrav/kvalifikasjonskrav i selskapsavtalen, men her det det etablert ein praksis for at opposisjonspolitikarar med fast plass i Midt-Telemark Rådet skal veljast som styre.

Vi har bedt selskapa om ei oversikt over kva kompetanse som faktisk finst i dei ulike selskapsstyra.

- CV-ar og anna informasjon viser at alle selskapa unntatt Midt-Telemark Næringsfond AS har økonomisk kompetanse, organisatorisk og fagleg kompetanse i styra.
- Midt-Telemark Næringspark AS opplyser at dei har juridisk og eiedomsfagleg kompetanse i styret.
- CV-ar for styret i Midt-Telemark Næringsfond IKS viser til styremedlemmane sin politiske posisjon heimkommunane.

### 4.3 Vurdering av styresamansetjing og funksjonstid

#### **Kjønnsrepresentasjon**

Alle selskapa, unntatt IRMAT AS har styresamansetjing i samsvar med lovkrava til kjønnsrepresentasjon.

Ca 61,3 % av dei faste styremedlemmane og alle styreleiarane er menn. Kommunen har såleis ikkje nådd målsetjinga om lik kjønnsrepresentasjon i selskapsstyra, særleg når det gjeld styreleiarar, som alle er menn. Vi har ikkje informasjon om korleis valkomiteane har arbeidd for å nå dette målet.

#### **Numerisk vara**

Kommunen si eigarmelding er i samsvar med tilråding frå KS når det gjeld numerisk vara. Numerisk vara er best eigna til å sikre kontinuitet i styra, medan personleg vara sikrar geografi og representasjon. Likevel er det vedtektsfesta at det skal vere personleg vara i over halvparten av dei selskapa vi har kontrollert. Vi kan ikkje sjå at eigarrepresentanten har tatt opp spørsmålet om numerisk vara i generalforsamlingane.

#### **Storleik og funksjonstid**

I alle selskapa er talet på styremedlemmer i samsvar med vedtektene, unntatt i Midt-Telemark Næringspark AS og Norsk Hardingfelesenter AS. Her har generalforsamlingane valt styre på tre medlemmer, medan vedtektene seier at selskapa skal ha fem styremedlemmer.

Alle selskapa praktiserer funksjonstid i samsvar med vedtekter og lovverk, unntatt Midt-Telemark Næringsfond IKS som har funksjonstid på 2 år i selskapsavtalen, men som praktiserer 4 års funksjonstid ved val av styre. I Midt-Telemark Næringspark AS går det ikkje fram av protokollen kva funksjonstid dei ulike medlemmane er valde med.

#### **Leiande politikarar og styreverv**

Føringane i eigarskapsmeldinga er i hovudsak følgde når det gjeld leiande politikarar og styreverv.

#### **Kompetanse**

Styra har i stor grad kompetanse knytt til økonomi, organisasjon/leiing og politikk.

Styreverv i selskapet er eit personleg verv. Eit styremedlem er personleg ansvarleg og representerer berre seg sjølv. Mandatet er å ivareta selskapet sine interesser til det beste for

eigarane. Likevel legg eigarkommunane stor vekt på kvar styremedlemmane høyrer til geografisk.

Forståing og erfaring frå det politiske systemet er kompetanse som kan vere relevant for mange selskap. Vi vil likevel peike på at praksisen med å automatisk velje opposisjonspolitikarar frå Midt- Telemarkrådet til styret i Midt-Telemark Næringsfond IKS kan vere uheldig. Det er ikkje gitt at Midt-Telemarkrådet og styret i Midt-Telemark Næringsfond IKS treng den same kompetansen.

Vi ser at det er stor grad av attval til styra. Vi har også sett at det er lite skriftleg dokumentasjon av vurderingar frå valkomiteane, og lite eigenevalueringar frå styra. Dette gjer at vi i liten grad kan ta stilling til om og korleis styresamansetjinga blir vurdert av eigar, og det reiser etter vårt syn spørsmålet om eigarane gjer reelle vurderingar av om det sittande styret har fungert etter formålet når det skal veljast styremedlemmer.

## 5 IRMAT AS – etablering av mottaksstasjon for avfall

Kontrollutvalet har bedt om at vi undersøker «kvifor føresetnadane til kommunestyret i sak 088/12 - IRMAT A/S - Søknad om å endre plassering av ein gjenvinningsstasjon for innbyggjarane i Bø ikkje er blitt følgd opp».

I sak om framtidig renovasjonsordning og i Bø i sak 49/11 vedtok kommunestyret at mottaksstasjon for ekstra avfall skal ligge innanfor kommunegrensa i Bø. Vi har ikkje undersøkt nærare om og korleis kommunestyret sitt vedtak frå 2011 vart gjort bindande for selskapet, til dømes gjennom handsaming på generalforsamling.

Dagleg leiar i IRMAT AS opplyser at selskapet i 2012 gjennomførte ei open anbodskonkurranse for alle kommunale renovasjonsoppgåver i kommunane Bø og Sauherad. Som ein integrert del av konkurransegrunnlaget blei lokalisering, etablering og drift av ein felles gjenvinningsstasjon for Bø og Sauherad tatt inn, alternativt ein gjenvinningsstasjon i kvar kommune. Konkurransen viste skilnaden i økonomi mellom å ha to gjenvinningsstasjonar i området Sauherad og Bø, kontra ein felles stasjon med ei akseptabel plassering som kan nyttast av begge kommunane. Ein felles gjenvinningsstasjon vart vurdert som mest økonomisk fordelaktig, jf. saksutgreiinga til kommunestyret i sak 88/12. Kommunestyret vedtok etter dette at mottaksstasjonen kan vere felles for Bø og Sauherad, men at den skal ligge nær kommunegrensa:

*Irmat A/S kan etablere ein felles stasjon for ekstravfall frå hushaldningane i Bø og Sauherad. Stasjonen kan ligge i Sauherad kommune, men etableringa skal skje i nærleiken av kommunegrensa.*

IRMAT AS var såleis kjend med kommunestyresaka. Styret i IRMAT vedtok i møte 22.november 2012 å etablere ein felles gjenvinningsstasjon for Bø og Sauherad.

Dagleg leiar opplyser at lokasjonsprosessen har vore vanskeleg og har tatt tid. Mottaksstasjonen er i dag plassert på Ryntveit, Akkerhaugen, ca. 10 km frå kommunegrensa. I kommuneplanens arealdel 2016–2028 for Sauherad kommune er det foreslått å etablere ein felles gjenvinningsstasjon for innbyggjarane i Bø og Sauherad på Mestaegedommen på Brenna. Planen var til endeleg handsaming i kommunestyret i Sauherad 16. februar 2017 i sak 3/17, og lokaliseringa vart vedtatt med 18 mot 10 stemmer. Vi har såleis ikkje undersøkt nærare kva som har årsaka at dette har tatt tid.

Selskapet opplyser at både Sauherad og Bø kommune har vore orientert fortløpande rundt utviklinga i lokasjonsprosessen. Ordførar i Bø opplyser at han tok kontakt med styreleiar for IRMAT AS våren 2015. Styreleiar fortalde då om utviklinga med Sunde som hadde fått kontrakten på renovasjonstenester, og at IRMAT AS framover sjølv ville stå for etableringa av gjenvinningsstasjonen. Etter dette har styreleiar orientert ordførar frå tid til annan. Vi har ikkje funne at det ligg føre skriftleg rapportering om saka, eller at det formelt er rapportert vidare til politiske organ.

## 6 Konklusjon og tilrådingar

### 6.1 Konklusjon

*I kva grad er kommunen sine føringar formidla og gjennomført når det gjeld val av styremedlemmer, styresamansetjing, kompetanse og styreevaluering?*

---

Kommunen sine føringar for eigarskap er i stor grad i samsvar med tilrådingar frå KS, og vi har inntrykk av at selskapa er kjende med kommunen si eigarskapsmelding.

Det ser ut til at styra i stor grad har slik kompetanse som er vurdert som sentral og relevant for styrearbeid generelt. Men dei føringane som er gitt i eigarskapsmeldinga om val av styremedlemmer m.m. er gjennomført berre til ei viss grad. Vi vil difor peike på forbetringpunkt i eigarskapsutøvinga:

- Valkomiteane leverer ikkje innstillingar som er i samsvar med føresetnadene i eigarskapsmeldinga, og det er stor grad av attval, utan at det ligg føre dokumenterte vurderingar av styresamansetjinga.
- Kommunen har ikkje gjort tiltak for å sikre at innkallingar til generalforsamling kjem med god nok frist til å sikre politisk handsaming.
- Kommunen har ikkje sikra reell politisk handsaming av saker om styreval.
- Eit fåtal av selskapa har gjennomført styreevaluering og utarbeidd styreinstruks.
- Kommunen har ikkje nådd målsetjinga om lik kjønnsrepresentasjon.
- Kommunen har ikkje gjort tiltak for å sikre numerisk vara i selskapa.
- I følgjande selskap er ikkje styret i samsvar med lov eller vedtekter:
  - Midt-Telemark Næringspark AS og Norsk Hardingfelesenter (tal på styremedlemmer iflg vedtekter),
  - IRMAT AS (kjønnsrepresentasjon),
  - Midt Telemark Næringsfond IKS (funksjonstid iflg selskapsavtale)
- Det er ikkje samsvar mellom dokumentert/faktisk valprosess og vedtekter/eigarskapsmelding når det gjeld styreval i Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS.

- Dei formelle rammene rundt representantskapet i Midt-Telemark Næringsfond AS er ikkje i samsvar med IKS-lova, ved at kommunestyret ikkje har valt representant og vararepresentant til representantskapet.
- Følgjande selskap har ikkje oppdatert informasjonen om styresamansetjinga i offentlege register: Midt-Telemark næringspark AS, Norsk Hardingelesenter AS, Midt-Telemark Næringsfond IKS og IRMAT AS.

## 6.2 Tilrådingar

Med utgangspunkt i det vi har sett i eigarskapkontrollen, tilrår vi følgjande:

Bø kommune bør

- sjå til at omtalen av valnemnd i kommunen si eigarskapsmelding blir i samsvar med ynskt praksis,
- sikre handsaming av sakene om eigarskap i politiske organ, og
- velje representant til representantskapet i *Midt-Telemark næringsfond* IKS i samsvar med IKS-lova.

Bø kommune bør ta initiativ til at

- det blir samsvar mellom vedtekter og praksis når det gjeld storleiken på styret i Midt-Telemark Næringspark AS og Norsk Hardingelesenter AS,
- kjønnsrepresentasjonen blir lovleg i styret for IRMAT AS,
- det blir samsvar mellom vedtekter og ynskt praksis for valprosess i Midt-Telemark Energi AS og Midt-Telemark Kraft AS, og
- det blir samsvar mellom selskapsavtalen og ynskt funksjonstid for styret i Midt-Telemark Næringsfond IKS

Bø kommune bør vurdere

- å ta initiativ til å vedtektsfeste numerisk vara og lengre frist for innkalling til generalforsamlingar,
- å treffe tiltak for å sikre at valkomiteane grunngir innstillingane sine i samsvar med eigarskapsmeldinga,
- å treffe tiltak for å nå målsetjinga i eigarmeldinga om kjønnsrepresentasjon i styra, og
- å treffe tiltak for å sikre at selskapa fastset styreinstruks og gjennomfører styreevaluering i samsvar med eigarskapsmeldinga.

## Vedlegg

Vedlegg 1 – Eventuelle kommentarar til rapporten frå eigar/selskapet.

Vedlegg 2 – KS tilrådingar for godt eigarskap



# Vedlegg 1: Høyringsuttaler

## Bø kommune

Administrativ leining



Telemark kommunerevisjon IKS

Dykkar ref:  
Torbjørnson,  
Kirsti

Vår ref:  
17/4-18

Saksbehandlar:  
Åse Egeland, 35059011  
ase.egeland@bo.kommune.no

Arkivkode:  
K3 - 013

Dato:  
13.03.2017

### Høyringsuttale frå Bø kommune til eigarskapskontroll - styre - val, evaluering og styresamansetjing

Viser til høyringsbrev og utkast til rapport for eigarskapskontroll - styre - val, evaluering og styresamansetjing, bestilt av kontrollutvalet i Bø kommune. Bakgrunn for bestillinga er selskapskontroll 2016-19, vedtatt av Bø kommunestyre i sak 40/16.

Vi meiner dette er godt gjennomarbeidde rapportar, med nyttig og god informasjon for vidare arbeid med eigarstyring i Bø kommune. Vi kjenner oss igjen det som er omtalt i rapporten og støtter tilrådingane som er gitt.

Til punkt 2 i tilrådinga; *Sikre handsaming av sakene om eigarskap i politiske organ* vil vi likevel påpeike at vi frå 2016 har etablert praksis med at ordføraren sine munnlege orienteringar om eigarskap knytt representasjon, val og evaluering m.m. i formannskapet, no blir protokollert i møtebok. Dette gjeld så langt det er mogleg i forkant av generalforsamlingane, evt. blir det gitt informasjon i første møte i etterkant av generalforsamlinga.

Med helsing

Olav Kasland  
Ordfører

Åse Egeland  
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Telemark Kommunerevisjon IKS	
År/Journoalnr.:	Kundens.:
17/517	421 006
13 MAR 2017	
Revisor:	tsle

Postadr: Postboks 83, 3833 Bø | Besøksadr: Bøgata 67, 3800 Bø | Fakturaadr: Postboks 134, 3833 Bø  
E-post: postmottak@bo.kommune.no | www.bo.kommune.no | Tlf.: 35059000  
Hovudorganisasjonsnr.: 962276172 | Bankkonto: 2630.07.00429



MidtTelemark

## Vedlegg 2: KS' Tilrådingar om eigarskap m.m.

### **Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte**

- Kommuner bør som en del av folkevalgtopplæringen gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales at kommunestyret får en oversikt over status for selskapene.

### **Nr. 2 Vurderinger og valg av selskapsform**

- Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset selskapets formål, eierstyringsbehov, samfunnsansvar, hensynet til innsyn, markedsforhold og det aktuelle lovverket.

### **Nr. 3 Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirkosomhet**

- Selskaper som opererer i et marked i konkurranse med andre aktører i tillegg til monopolvirkosomhet, bør som hovedregel skille ut den markedsrettede delen av virksomheten for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

### **Nr. 4 Utarbeidelse av eierskapsmeldinger**

- Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskaper.

*Eierskapsmeldingen bør minimum ha disse hovedpunktene:*

- 1. Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid*
- 2. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring*
- 3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.*
- 4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.*
- 5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.*

### **Nr. 5 Utarbeidelse og revidering av styringsdokumenter**

- Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

#### **Nr. 6 Eiermøter**

- KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god eierstyring og kommunikasjon med selskapet. Et eiermøte er et møte mellom representanter fra kommunen som eier, styret og daglig leder for selskapet.

#### **Nr. 7 Eierorganets sammensetning og funksjon**

- Avhengig av selskapets formål, anbefales det at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som eierrepresentanter i eierorganet. Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak

#### **Nr. 8 Gjennomføring av generalforsamling og representantskapsmøter**

- De formelle eiermøtene er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkaller. Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.

#### **Nr. 9 Sammensetningen av styret**

- Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

#### **Nr. 10 Valgkomité og styreutnevning**

- Ved valg av styre til kommunalt eide selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomité.

#### **Nr. 11 Kjønnsmessig balanse i styrene**

- Det anbefales at eierorganet uavhengig av organisasjonsform tilstreber balansert kjønnsrepresentasjon. Styremedlemmene behøver ikke være bosatt i kommunen.

#### **Nr. 12 Rutiner for å sikre riktig kompetanse i selskapsstyrene**

- Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt en rekke rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

#### **Nr. 13 Styresammensetning i konsernmodell**

- Styremedlemmer i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styre.

#### **Nr. 14 Oppnevning av vararepresentanter**

- Der det utpekes vara til styre bør ordningen med numerisk vara benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

#### **Nr. 15 Habilitetsvurderinger og politisk representasjon i styrene**

- Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. Ordfører og rådmann bør ikke sitte i styret i selskaper.

#### **Nr. 16 Godtgjøring av styreverv**

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.

#### **Nr. 17 Registrering av styreverv**

- Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no)

#### **Nr. 18 Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter**

- Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene.

#### **Nr. 19 Utarbeidelse av etiske retningslinjer**

- Eier bør påse at selskapsstyrene utarbeider, og jevnlig reviderer, etiske retningslinjer for selskapsdriften, jf. anbefalingene i pkt. 2 foran.

#### **Nr. 20 Særlig om administrasjonssjefens rolle i kommunale og fylkeskommunale foretak.**

- Det anbefales at kommunestyrene ved opprettelsen av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder.

#### **Nr. 21 Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltningen av kommunens interesser i selskaper**

- Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterleves og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjelder også når virksomheten er skilt ut i egne selskaper.